

---

Saksnr: 2020/187-4  
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

## Utviklingsstipend innan e-sport

Forslag til vedtak

1. Utviklingsstipend på 40 000 kroner til e-sportutøver blir lyst ut med søknadsfrist 1. oktober med retningslinjer som føreligg i saksutgreiinga.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler stipendet i felles sak for utviklingsstipend innan idrett og e-sport i møte i november

Utviklingsstipendet vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.112.

Samandrag

I årsbudsjett 2021 for Vestland fylke vart det vedteke å auke løyvinga til utviklingsstipend innan idrett og samstundes opprette eit nytt stipend innan e-sport. Denne saka viser korleis fylkesrådmannen foreslår å lyse ut og organisere det nye stipendet for e-sport.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok 19.5.20 i sak 78/2020 at Vestland fylkeskommune skal utdele 7 utviklingsstipend á 40.000 kroner til unge idrettsutøvarar. Det er i tillegg vedteke å etablere eit nytt stipend til utøvar innan e-sport.

E-sportutøvarar frå Vestland markerer seg jamleg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar. Føremålet med utviklingsstipendet er å medverke til at unge og lovande utøvarar får høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle sporten og motivere til vidare satsing i Vestland fylke.

### Retningsliner for stipendet

#### Utviklingsstipend til utøvarar innan e-sport

Vestland fylkeskommune tildeler utviklingsstipend på 40 000 kroner til ein ung utøvar innan e-sport.

Søknadsfrist innan 1. oktober.

Stipendet går til ein utøvar som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan e-sport. Ein person kan berre bli tildelt stipendet ein gong.

Målet med stipendet er å gje mottakaren høve til å vidareutvikle seg innan e-sport. Stipendet skal også vere ein stimulans til vidare satsing.

Vi legg vekt på desse kriteria i tildelinga:

- prestasjonar
- potensial
- planar for vidare satsing
- aldersgruppe 16-25 år

(utøvarar som har sponsoravtalar fell utanfor ordninga)

#### Kven kan søkje?

Utøvar, trenar eller klubb kan sende inn søknaden på elektronisk søknadsskjema på vegne av utøvar. Søkjaren må representere ein klubb/ organisert e-sportmiljø i Vestland fylke.

#### Tildeling

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek tildeling av stipend. Innstilling blir lagt fram frå fylkesrådmannen, med fagleg bistand frå Vestlandet E-sport.

#### Rapportering

Mottakar av stipendet skal innan påfølgjande år gje ein kort, skriftleg rapport om korleis stipenda har vore nytta.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

#### Vurderingar og verknader

Utviklingstreandar viser at det er ein stor vekst i e-sport og gaming. Det er viktig å sjå denne veksten i samheng med andre fritidsaktivitetar. Fylkesrådmannen ønskjer å legge til rette for rekruttering og utvikling innanfor denne aktiviteten og stimulere utøvarane til å satse på sin sport. I vurderingane skal fylkesrådmannen ta omsyn til kjønns- og aldersforskjellar og geografisk tilhøyre, i tillegg til føringane som ligg i retningslinene.

#### Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett. Stipendet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale politikken til Vestland fylkeskommune. Utviklingsstipendet på 40.000 kroner vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.112.

#### Klima:

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:**

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Vestland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Tiltaket er med på å utjamne sosiale skilje, auke livskvalitet for folk i Vestland og bidra til inkludering og integrering.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1.

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2.

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegget.